




Deler av branntroppen i Uskedalen. Brannmeister er Tor Øystein Myklebust (i bilen).

Saka om brannvernordninga i Kvinnherad skal opp som sak i Kommunestyre i dag. Møte er lagt til Kulturhuset Husnes frå kl. 14.00. Innstillinga frå Kommunedirektøren, som fekk eit knapt fleir i Formannsskapet, er ei endring med 3 brannstasjonar (Rosendal, Husnes og Ølve) og 3 såkalla framskotne einingar. Uskedalen og Fjelberg vert nedlagde.

Saka om framtidig brannvern har skapt stort engasjement med mange fråsegner og innlegg i avisene og på nettet. Ei grundig og godt dokumentert utgreiing om branntroppen i Uskedalen er laga av Haugland og Musland Grendalag. Fråsegna er sendt til alle kommunestyrerepresentantane.

Saka stod på sakskartet til møte 26. mars, men vart utsett med restriksjonane etter koronapandemien. Alle større saker og plansaker vart sett på vent inntil kommunestyret kunne møtast på vanleg måte, slik det vert i dag.



Kartet syner veglengd og tid for å nå fram frå Husnes til øvst i Uskedalen.

Haugland og Musland Grendalag har i si utgreiing særleg fokus på responstid, branntryggleik og beredskap i høve til dei som bur i den øvre delen av Uskedalen. Kart og illustrasjonar syner veglengd og utrykingstid frå Rosendal eller Husnes og fram til Fjellandsbø. Veglende og tid er om lag den same frå begge stasjonane.

Konklusjonen deira er at ei nedlegging av brannstasjonen i Uskedalen vil setja liv for dyr og menneske i fare. Eigedomar kan gå tapt.

Dersom ein føl oppsett plan for møte i dag, vil brannstasjonssaka koma opp kring kl. 15.00.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Ola Matti Mathiesen



Kjapp responstid er ofte avgjerande for utfallet av ein brann.